

(fangst av laks, sjøaure og sjørøye med stong)

Oppgave for sesongen 20

NYNORSK

[illegible]

REGISTRERING AV TALET PÅ FISKARAR SOM LEVERER FANGSTMELDING			
Type fiskekort utlevert	Tal på kort eller fangstmeldingsskjema utlevert til fiskarar	Tal på kort eller fangstmeldingsskjema motteke frå fiskarar	Tal på døgn det faktisk er fiska på denne korttypen
Døgnkort			(ikke for døgnkort)
Fleirdøgnskort			
Sesongkort			
Anna			

Formålet med fangstskjema

Oppgåven blir henta inn med heimel i lov av 15.mai 1992 om laksefisk og innlandsfisk. Fangstskjemaet skal gi grunnlag for statistikk over fiske med stong i vassdrag etter anadrom laksefisk (laks, sjøaure, sjørøye). Påliteleg statistikk er avgjerande for arbeidet med å sikre og styrke ressursane for framtida. Som fiskerettshavar kan du legge eit godt grunnlag for dette arbeidet ved å gi fullstendige oppgaver på fangstskjemaet. Fangstskjema vil bli behandla konfidensielt og er undergitt teieplikt. Opplysningane vil ikkje bli brukte slik at det er muleg å identifisere den enkelte fiskerettshavar.

Retur av fangstskjema

Frist for innsending av fangstskjema er fire veker etter at fiskesesongen er avslutta. Om ikkje andre avtalar er inngåtte, skal skjemaet returnerast til fylkesmannen i det fylket fangsten er gjort.

Rettleiing for føring av fangstskjema

Generelt

Fiskerettshavar skal fylle inn årstal for sesong, namn og adresse, om muleg gardsnr. og bruksnr., elv, kommune og namn på staden det vert fiska. Fiskerettshavar kan vere grunneigar, grunneigarlag, sameige o.a. Namn på kontaktperson skal fyllast inn. Det skal vanlegvis sendast inn eitt skjema for kvar fiskerett. Om ein fiskerett omfattar fleire kommunar, skal det brukast eitt skjema for kvar kommune.

Tidspunkt

Det skal gjevast opp nummer på veka det vert fiska i. Om det er problem med å finne vekenummer, kan datoar nyttast. Ei veke går frå mandag kl. 00.00 til søndag kl. 24.00.

Fangst

Fangsten skal gjevast opp som tal fisk og samla vekt i kg (rund vekt). All fangst skal gjevast opp utan omsyn til om fisken vert seld, brukt i eige hushald eller gitt bort. Fangst av laks skal fordelast på vektclassane under 3 kg, mellom 3 og 7 kg og over 7 kg. For sjøaure og sjørøye er det ingen inndeling i vektclassar. Skjemaet skal fyllast ut for kvar veke det er fiska sjølv om fisket ikkje har gitt fangst.

I enkelte vassdrag kan det vere vanskeleg å føre fangst for kvar veke. I slike tilfelle kan det godtakast at fangsten blir oppgjeve samla for kvar vektclass og kvart fiskeslag i heile sesongen. Fisk som er gjenutsett skal førast opp i rubrikkene for "gjenutsett fisk" til høgre i skjemaet. Fangst av gjenutsett fisk skal gjevast opp som tal på fisk og tilnærma samla vekt i kg. Gjenutsett laks skal fordelast på vektclassar tilsvarande som for avliva fisk.

Fangstrapportering frå fiskarar

Talet på fiskarar som leverer fangstmelding skal førast opp i rubrikken øvst på denne sida. Dette er viktig informasjon for å kunne seie noko om kor påliteleg fangststatistikken for eit vassdrag eller delar av vassdraget er. Det skal også førast opp kor mange døgn det faktisk er fiska på korttypane fleirdøgnskort og sesongkort. For døgnkort er det ikkje nødvendig å gi opp dette. Denne informasjonen er viktig for å kunne si noko om omfanget av sportsfisket i vassdraga.